

Kjøkenet blir opprusta i Gamleskulen

14.12.2010



Veteran Janne Olsson tar eit nytt løft for Gamleskulen. Her er han saman med styremedlem Berit Harriet Døssland og to trufaste gjestar - Ester Mørstad og Erna Ljosnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

### Gamleskulen, som Uskedalen Utvikling eig, blir ein stadig meir brukt møteplass i bygda.

**Frå neste år er det grunn til å tru at han blir enda meir brukt, for då vil kjøkenet vera rusta opp.  
Ei førebels berekning går ut på at det skal satsast 140.000 kroner på dette.**

Det er allereie sikra 150.000 kronar til føremålet.

100.000 er EXTRA-midlar og 50.000 gavé frå sparebanken som vart fusjonert. Men dei 100.000 vil først bli betalt ut neste år medan dei 50.000 allereie er overført. Difor vil berre det siste beløpet bli nytta no i fyrste omgang, opplyser Janne Olsson og Berit Harriet Døssland til uskedalen.no.

Olsson har heilt sidan 1977 vore ein utretteleg krumtapp i arbeidet med Gamleskulen medan Døssland er huset sin representant i styret.

Kva er det så som skal skje? Styret har bestemt kven som skal koma med tilbod. Ein startar med kjellaren der røyropplegg og isolasjon står på programmet. Forbetring av taket og leggjing av nytt golvbelegg i kjøkenet blir det neste og så kjem montering av ny innreiing i kjøkenet.

Elles går TI-aren inn i jula med glad optimisme. Siste opningsdagen før jul var i dag og den neste blir tysdag 4. januar. Heller ikkje ungdomsklubben i andre høgda blir ope før tidlegast på nyåret på grunn av sjukdom.

I dag var kafebesøket svært godt, med 30 voksne og 12 barn, og ikkje minst barna sette ein spiss på dagen. 7 av dei var såkalla skulekameratar frå barnehagen, som skal ta til på skulen til hausten. Dei hadde rast under Grano først og så pynta dei nygranaane før dei besøkte kafeen og song for gjestene. Dei vart på si side så begeistra at dei tok spanderbuksene på!

Men det kunne gjerna ha vore spela ein juletrudelutt på det nye pianoet som ein introduksjon til høgtida. Kvar var nissen idag?

Av Ola Matti Mathisen